
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 19. januar 2016 11:45
Til: aeroterud@hotmail.com
Emne: Spørsmål om moglege tiltak gbnr 547 i Meland kommune
Vedlegg: Spørsmål om moglege tiltak gbnr 547 (L)(89712).pdf

Hei Aasmund Eikum Roterud

Viser til førespurnad om tiltak på din eigedom på gbnr 5/47 på Fløksand.

Slik du beskriv tiltaket er det søknadspliktig etter Pbl § 20-1, og du må ta kontakt med eit ansvarleg firma/føretak som skal stå for søknaden for deg.

Du viser til at det er tidlegare gitt godkjenning frå Statens vegvesen og Meland kommune for utviding av fritidsbustaden.

I arkivet finn eg at hytta har vore omsøkt og godkjent med eit tilbygg i DNT- sak 253/12 datert 13.6.2012. Løyve gjeld i 3 år, og er utgått.

Det blei i 2013 søkt om endring av gitt løyve for tilbygget. Sakshistorikken her er at det blei sendt ut eit orienteringsskriv om at byggesaka vart arkivert, og sakshandsamar viser til dialog med dåverande eigar om orientering om årsaken til arkivering. (Fordi endringane var for omfattande og søknaden mangelfull, at det ikkje kunne handsamast som ei endring av gitt løyve/ og det skulle sendast inn heilt ny søknad av tiltaket). Det er ikkje gjort.

Godkjenninga frå Statens vegvesen vart opprinneleg gitt 3.10.2011, men då det var søkt om endring av løyve blei det samtidig søkt vegvesen om endringa fordi tilbygget kom nærare fylkesvegen enn det opprinneleg var gitt godkjenning for.

Vedtaket frå vegvesen er datert 27.9.2013 og gjeld i 3 år. Det betyr at dersom ikkje tilbygget vært omsøkt, godkjent og påbegynt innan 27.9.2016, fell løyve frå Statens vegvesen bort, og De er avhengig av eit nytt løyve frå vegvesenet.

Sidan 2013 er det komt ny kommuneplan i Meland, den blei vedtatt 17.6.2015. Eigedommen din er opplista i tabell 9.2, og har arealplan status som Bygde fritidseigedomar med status som LNF- spreidd fritidsbustad.

Før du kan påbegynne tiltaket må du først ta kontakt med eit ansvarleg føretak som kan stå for søknaden din. Dei har kontroll på all dokumentasjon som skal sendast kommunen.

Håper dette var til hjelp.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -